

## **Høyringsmøte om regjeringa sin eldrereform: «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre»**

Norsk Tannpleierforening takkar for moglegheit til å koma med munnleg innspel til St meldinga **Leve hele livet**, og vi vil ha fokus på tannhelse og forebyggjande arbeid.

Det er eit helsefremjande og førebyggjande potensiale i å utvikla helsetenester for dei eldre for å utsetja funksjonssvikt, samtidig sikra at dei som treng hjelp får hjelp. Det er mange eldre i dag som har omfattande og kostbare restaureringar i munnen, som gjer munn- og tannstell ekstra utfordrande. Tall frå tannhelsetenesta i Buskerud visar at det er kunn 13% med berre protesar i 2018, blant brukarane av pleie og omsorgstenester.

Dei fleste eldre utfører tannpuss sjølve og fleire eldre kan med tilrettelegging, utføra det daglege munnstellet. Andre har behov for hjelp, og spesielt er dette viktig hos mange av dei eldste eldre som ikkje er i stand til å få gjennomført tannbehandling. Samhandling mellom tannhelsetenesta og kommunen, er nøkkelen til at eldre skal få det tilbodet dei har krav på gjennom lovverket.

Erfaring og kunnskap frå blant anna tannhelsetenesta i Buskerud, og prosjektrapporten «Kommunal tannpleier – samhandling mellom hjemmebasert omsorg og tannhelsetjeneste», som blir presentert i desse dagar, gir indikasjon på tiltak som kan sikra betre tilbod. Det blir understrekar nødvendigheita av å

- Etablering av felles kommunikasjonsplattform
- Kartleggja ressursar og behov hos pasienten
- Auka kunnskap hos pleiarane i munnstell, og at pleiarane har kunnskapsgrunnlag til å kunna registrera når det er behov for tannhelsehjelp
- Tidleg intervensjon før forfall av tannstatus. Erfaringar tyder på at forfall av munnhelse byrjar i tida før pasienten kjem på institusjon
- Styrking av undervising i tann- og munnstell i utdanninga av sjukepleiarar og helsefagarbeidarar, er etterlyst av yrkesgruppene sjølve
- Integrasjon av tannpleiar i kommunen, er sett på som viktig for forankring inn mot den kommunale pleie- og omsorgstenesta.

Denne satsinga kan gjera at fleire eldre kan Leve hele livet med ei god munnhelse, kunna nyta måltider, ha sosial omgang og unngå smerte.

Tannpleierforeninga ser på erfaring frå tannhelsetenesta i Buskerud og rapporten frå Hamar kommune som dokument for oppfølging av Stortinget sitt anmodningsvedtak, om å starta arbeidet med å bygge opp tannpleierkompetanse i kommunen.